



## **Gulen kommune sitt IKT samarbeid. Vurdering av overgang frå SYSIKT (Sunnfjord og Ytre Sogn) til IKTNH (Nordhordland)**

<b>Saksnr. utval</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
003/19	Formannskapet	08.02.2019
013/19	Kommunestyret	14.02.2019

### **Behandling i Kommunestyret 14.02.2019**

#### **Handsaming og røysting**

Samrøystes

#### **Vedtak i Kommunestyret KOM sak 013/19**

Gulen kommune går frå snarast ut som deltakar i IKT-samarbeidet SYSIKT, og går frå same tid inn i IKT-samarbeidet IKTNH.

Ekstra kostnader som kjem til i samband med overgangen vert regulert inn i budsjettet (eige prosjektnummer) ved 1. tertialrapportering.

<b>Vedlegg</b>	<b>Dok.ID</b>
Sak 6-19. IKTNH Utviding Hovudprosjekt - versjon 03 (1)	173719
Sak 6-19. Vedtekter IKT Nordhordland - 12 kommunar	173720
Utmelding av SYSIKT (Sunnfjord og Ytre Sogn IKT)	174196

#### **Bakgrunn for saka:**

Gulen kommune gjekk inn i IKT samarbeidet SYSIKT i 2010. I dei 9 åra som har gått har kommunen hatt eit godt og effektivt IKT-samarbeid med 9 andre kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn.

At det burde vurderast å skifte IKT samarbeid har likevel vore ein tanke rådmannen har hatt ei tid. Det skuldast at politisk nivå i Gulen kommune dei seinare åra gjennom diverse vedtak har signalisert at Gulen kommune i hovudsak skal søke sørover i sitt samarbeid med andre kommunar.

Dømer:

I kommunestrukturprosessen var det nabokommunar i Nordhordland det vart teikna intensjonsavtalar med.

Gulen kommune har skifta helseføretak frå Helse Førde til Helse Bergen (får tenester utført i frå).

Tenester som Helsehus (framtidig), legevakt og øyeblikkeleg hjelp senger er i samarbeid med kommunane i Nordhordland.

Me køyrer pr. i dag fleire samarbeidsprosjekt i lag med kommunane i Nordhordland:

- \* Velferdsteknologi
- \* Randkommuneprosjektet
- \* DigiHelse

Det meste av fag-/nettverksarbeid innan helse og omsorg mot Nordhordlandskommunane.

Me har på fleire fagfelt tett samarbeid med nabokommunen Masfjorden som høyrer til IKTNH. Gulen kommune får i dag tenestene innan geografiske informasjonssystem (GIS), oppmåling/matrikkel og adressering gjennom samarbeidet i Nordhordland.

Fag-/nettverkssamarbeidet innan oppvekst går i hovudsak nordover (HAFS Oppvekst).

### **Saksvurdering og konklusjon:**

Bakgrunnen for at sak om skifte av IKT samarbeid kjem opp akkurat *no* er to-delt:

I SYSIKT kom diskusjonen opp om Vik kommune kunne komme inn i samarbeidet.

I fylgje vedtektene for SYSIKT er det utmelding innan utgangen av eit år, og det går deretter 2 år før medlemskommunen kan forlate samarbeidet. Dette for å sikre at det skal vere god tid til å omstille organisasjonen slik at ikkje resten av kommunane i samarbeidet vert skadelidande dersom ein kommune går raskt ut.

Når Vik vart skissert som ny kommune vart då rådmannen sitt spørsmål til IKT samarbeidet, om Vik kommune evt kunne ta over Gulen sine plikter/ressurser i samarbeidet og om då Gulen evt kunne sleppe tidlegare ifrå.

Styret i SYSIKT kom med slikt vedtak:

*«Styret ser på utmelding av Gulen i samanheng med innmelding av Vik, som er omtrent like store og dermed ikkje har store konsekvensar for fellesskapet. Det er difor ein ekstraordiner situasjon som gjer til at Gulen kan tre ut av samarbeidet med kortare varsel enn samarbeidsavtala tilseier. Dette vil ikkje være praksis i samarbeidet vidare. Styret vil starte opp arbeidet med revisjon av samarbeidsavtalen for å klargjere alle forhold rundt innmelding og utmelding av samarbeidet.*

*Styret ventar tilbakemelding frå Gulen innan utgangen januar 2019, om prosessen vidare.»*

Samstundes med dette fekk også IKTNH spørsmål om dei kunne ta opp nye kommunar. IKTNH starta då eit utgreiingsarbeid for å avklare om det var interesse frå medlemskommunane å utvide IKT samarbeidet med nye kommunar.

Gulen fekk raskt klarsignal til inntreden frå medlemskommunane i IKTNH.

Begge IKT-samarbeida vil utover hausten 2019 vere opptekne med prosessar rundt kommunesamanslåingar. Det er difor ynskjeleg å gjere ein evt jobb med Gulen kommune no i vår.

## **STYRINGSMODELL**

Ny samarbeidsavtale for IKTNH er utarbeidd med grunnlag i ny kommunelov § 19 kommunalt oppgåvefelleskap. Denne organisasjonsforma erstattar vertskommunemodellen som er ein mykje nytta samarbeidsmodell idag. Det er tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det innber at oppgåvefelleskapet m.a. kan ha arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, inngå avtalar/kontraktar og ta opp lån.

Som ny kommune i samarbeidet vil Gulen kommune delta i § 19 samarbeidet på lik linje med dei eksisterande kommunane i samarbeidet.

Meir informasjon om dette er å finne i eige vedlegg.

## **DIGITALISERING OG INNOVASJON**

Utvikling av fagtenestene heng tett saman med IKT utvikling. Drift, digitalisering og innovasjon går i større og større grad i takt.

Kommunane må:

løyse utfordringar knytt til

- ressursar og evne til gjennomføring av prosjekt
- gevinstrealisering som konsekvens av mangel på ressursar

få auka kapasitet til å møte

- digitaliseringskrav frå Nasjonale myndigheiter
- bruk av nasjonale felleskomponentar
- krav og forventningar frå innbyggjarar og Næringsliv om betre tenester

Noko av administrasjonen sin motivasjon for å flytte over til IKTNH er korleis IKT samarbeidet no vil legge opp / prioritere det vidare arbeidet med digitalisering og innovasjon. IKTNH sin tanke er å få til ei stegvis utviding av samarbeidande kommunar i oppgåvefelleskapet. Dei kan då nytte ressursane til IKTNH på ein best mogeleg måte og oppnå synlege gevinstar. Kostnadene vert fordelt på fleire kommunar og medfører at ein kan frigjera midlar til andre formål. Konkret er det då tenkt at dei frigjorte økonomiske ressursane skal styrke prosjekt innan Digitalisering og Innovasjon for å betra effektiviteten i kommunane. Dette vil i neste runde medføre gevinstrealisering i både tenesteproduksjonen og innbyggjardialogen.

Sidan 2017 har det vore fleire initiativ i Hordaland der ein ynskjer å etablere sterkare samarbeid mellom kommunane innan Digitalisering og IKT. KS og Fylkesmannen har stått sentralt i dette arbeidet der Bergen kommune har hatt ei sterk rolle for å etablere samarbeidskonstellasjonar. Dette har utvikla seg til eit samarbeid gjennom prosjektet «Samordnet regional digitalisering» der nær alle kommunane i Hordaland deltek.

Ei utviding av Nordhordlandsamarbeidet vil vere positivt for dette initiativet då det styrker samarbeidet mellom fleire kommunar innan Digitalisering, Innovasjon og IKT organisering.

Administrasjonen i Gulen kommune meiner det vil vere ein styrke å vere knytt til eit IKT-samarbeid som har eit nært samarbeid med Bergen kommune sitt IKT-miljø.

## **Samarbeid med andre kommunar**

Gulen kommune har gått inn i randkommuneprosjektet der me skal vurdere tettare samarbeid innan ulike fagområder. Me kan ikkje vere kategoriske og sei at vidare samarbeidsprosjekt er heilt avhengig av at me faktisk bytter IKT-samarbeid. Likevel kan me med stor sikkerheit sei at evnen til å samarbeide og det å kunne hente ut

gevinst av dei ulike samarbeidsprosjekta vert betydeleg enklare dersom kommunane er i same IKT-samarbeid.

Fagsamarbeida er ulikt rigga i dei to IKT-samarbeida. For Gulen kommune vil det vere særleg to prosessar me meiner vil vere sårbare ved ein overgang våren 2019:

1) Idag har me eit lønssamarbeid der ein tilsett i Høyanger kommune er delvis frikjøpt av SYSIKT til å gjere ein del felles arbeid av teknisk/praktisk karakter. IKTNH har ikkje tilsvarande ordning. Randkommuneprosjektet vil kunne gje tilsvarande fagstøtte, men vil ikkje vere i gang før i frå 2020.

2) Kommunane i SYSIKT er midt i eit prosjekt med innføring av nytt barnehageadministrativt system. Dette prosjektet vil ikkje vere slutført før hausten 2019. Ingen av kommunane i IKTNH har dette barnehageadministrative systemet. Det er uheldig å bytte IKT samarbeid medan ein innfører eit nytt system.

Administrasjonen tenker det er naturleg å få til ein overgangsordning med SYSIKT som gjer desse prosessane mindre sårbare.

### **ØKONOMISKE KONSEKVENSNAR**

IKT-kostnadane i ein kommune er fordelt rundt på alle tenestene og fleire ulike kontoar, og difor umogleg å lese direkte ut av noko kommunalt rekneskap. Det er likevel mogleg å samanlikne den delen som gjeld felles IKT-avdeling.

### **Årleg driftsutgift som medlem av SYSIKT eller IKTNH**

Som medlem av SYSIKT, saman med 9 andre kommunar sidan 2010, har Gulen kommune betalt årleg kostnad for personell, konsulentutgifter, lisensar og andre driftsutgifter ved avdelinga i Førde. Antal tilsette har auka frå ca 10 til 18, antal maskiner dei driftar har auka %-vis mykje meir, noko som sjølv sagt har påverka gradvis auke i vår årlege betaling, frå kr 812 000 til kr 1 500 000 over desse 9 åra. Kostnaden her blir påverka av antal kommunar som er med i samarbeidet og fordelingsnøkkel. SYSIKT er i vekst der Vik og nye Sogndal-kommune (Balestrand, Leikanger, Sogndal) er på veg inn i samarbeidet. Samtidig slår 4 kommunar seg saman til ny storkommune Sunnfjord. Det blir større forskjellar mellom dei store og dei små kommunane, noko som gjer at fordelingsnøkkel mogleg blir endra frå tidlegare modell 50% etter folketal, 50% lik deling.

IKT Nordhordland hadde pr august i fjor 19 tilsette og har signalisert årleg driftskostnad for Gulen kommune for personell m.m. kr 1 271 000. I tillegg budsjetterer dei med årlege investeringskostnader, der Gulen sin andel blir kr 430 000 (basert på 2018 tal), altså samla årleg beløp kr 1 700 000. IKT-investeringar har vore variabelt i SYSIKT-perioden, alt ettersom kva system som har vore innført. Slik vil det også vere framover.

IKTNH er òg eit veksande samarbeid frå 9 kommunar over fleire år, til å utvide med 3 (Samnanger, Austevoll og evt. Gulen). Her vert òg samanslåing av 3 kommunar til ny storkommune Alver og fordelingsnøklar vil vere til vurdering framover.

Ved ein overgang frå eit samarbeid til eit anna vil det oppstå ein del praktiske utfordringar som t.d. bindande lisensar og avtalar, kapasitetsutfordringar og andre uføresette ting som kan føre til at me i ein overgangsfase får overlappande kostnader både mot tidlegare samarbeid og inn i dei nye avtalane. Me vil sjølv sagt jobbe for å unngå dette mest mogleg.

### **Overgangskostnader:**

Styret i SYSIKT har gjort vedtak om at Gulen kommune kan gå ut av samarbeidet

kostnadsfritt dersom dette skjer våren 2019.

IKT Nordhordland har gitt oss eit estimat på overgangskostnader på ca kr 1.000.000. Det som ligg inni denne summen er arbeid frå alle programleverandørane som må bistå med flytting av data inni sine system. Deretter må det gjerast omlegging av alt nettverk i alle kommunale bygg, estimert til ca kr 200-300.000, og nokre eldre pc'ar må bytast ut.

I tillegg til desse kostnadene vi faktisk må betale, så vil det sjølvsagt bli noko mindre effektiv arbeidsperiode for alle tilsette som må forhalde seg til litt nytt utstyr, ny helpdesk og nytt samarbeidsmiljø. No tenker vi ikkje at det vil vere noko stor utfordring, så lenge kjente og viktige fagsystem fungerer, men her er då risiko for at ikkje alt er på plass frå første stund, og då kan dette føre til større eller mindre frustrasjon og tap av arbeidstid. Planlagt nedetid vil det nok bli òg, men med god informasjon på førehand går det normalt fint.

Det er viktig at IKTNH, SYSIKT og leverandørane av dei ulike fagsystema er godt koordinerte i arbeidet. IKTNH har tidlegare implementert Austevoll kommune. Me er kjend med at Samnanger kommune vert flytta over i mars månad. Dersom Gulen skal over vert det i såfall tredje gang IKTNH skal gjennomføre ein slik prosess, og det er grunn til å tru at dei då har samla seg både kunnskap og erfaring om korleis dette kan gjennomførast på best mogleg måte.

Dei mest kritiske fagsystema har prioritet. Ved overføring av Samnanger har dei t.d. berekna at fagsystemet innan pleie og omsorg skal ha ½ dag nedetid.

Når det gjeld samla portefølje av fagsystem så overtek evt IKTNH oss «slik me er», og vil drifte oss vidare med våre applikasjonar fram til me evt går ut på felles anbod med dei andre kommunane og vel å skifte fagsystem. Dei største fagsystema våre som Websak Fokus (sak/arkivsystem), Visma Enterprise (rekneskap/løn/HRM) er dei same som kommunane i IKTNH nyttar.

### **Andre økonomiske forhold:**

Som medlem i eit IKT-samarbeid er kommunen òg med på felles innkjøpsavtalar både av utstyr (hardware og software), nettleige (breidband), telefoni m.m. I eit IKT-samarbeid er me avhengig av at samarbeidet gjennom gode avtalar sikrar at linjeleiger og prisar på pc'ar, skrivarar, mobiltelefonar er gunstige. Dette vil samla sett over mange år kunne utgjere store beløp.

Samtidig er det ein «kostnad» med å vere ryddig og ordentlig på kjøp av lisensar. Det er krevjande å ha full oversikt over dette til ei kvar tid. Viser det seg no at me t.d. har vore underlisensiert tidlegare, så vil me få høgare kostnader med dette framover.

IKTNH har pr no leigeavtale på alle skrivarar og sikker utskrift (kortløysing) over alt. Det vil ikkje vere mogleg at me tar med diverse mindre skrivarar vidare. Dvs. me vil få kostnadsforskyving her frå sporadiske innkjøp og over til fast årleg kostnad. Ein kommune me kan samanlikne oss med betalar ca kr 180.000 årleg i slik leigeavtale. Fordelen med denne løysinga er at det vert mindre støy og driftsproblem med gamalt utstyr som fungerer dårleg, og me får sikra at det ikkje ligg «fritt tilgjengeleg» utskrifter med personopplysningar.

### **SAMLA VURDERING**

Det kan synast som ein høg økonomisk og praktisk kostnad ved ein overgang til IKTNH. I tillegg vil me kunne oppleve at på nokre områder er gjerne SYSIKT betre rigga enn IKTNH og ting kan synast å gå feil veg.

Rådmannen meiner det er viktig å tenke langsiktig i denne saka. Overgangskostnader er eingangskostnader, og det som må telje mest i ei samla vurdering er kva me meiner å kunne få ut av eit samarbeid på lang sikt. Dersom det framleis er den politiske tanken at me i vårt samarbeid med andre kommunar i hovudsak skal vende oss mot sør så vil det samla sett vert mest gunstig å skifte IKT-samarbeid.

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

Gulen kommune går frå snarast ut som deltakar i IKT-samarbeidet SYSIKT, og går frå same tid inn i IKT-samarbeidet IKTNH.

Ekstra kostnader som kjem til i samband med overgangen vert regulert inn i budsjettet (eige prosjektnummer) ved 1. tertialrapportering.

**Tidlegare behandlingar:**

**Behandling i Formannskapet 08.02.2019**

**Handsaming og røysting:**

Samrøystes

**Vedtak i Formannskapet FSK sak 003/19:**

Gulen kommune går frå snarast ut som deltakar i IKT-samarbeidet SYSIKT, og går frå same tid inn i IKT-samarbeidet IKTNH.

Ekstra kostnader som kjem til i samband med overgangen vert regulert inn i budsjettet (eige prosjektnummer) ved 1. tertialrapportering.